

SKJEMA FOR NOMINERING AV DEMONSTRASJONSKULTURSKULAR 2007 – 2009 (nynorsk)**Namnet på skulen:** Time kulturskule**Kommune:** Time**Fylke:** Rogaland**Adresse, postnr og -stad:** Postboks 407, 4349 Bryne**Telefon:** 51 77 64 10**Telefaks:** 51 77 64 11**E-post:** kulturskulen@time.kommune.no**Heimeside:** www.time.kommune.no**Tal på barn/elevlar på ulike tinn:** Barnehage: 80 Barneskule: 301 Ungdomsskule: 136 Vidaregåande skule: 5 Vaksne integrete: 10**Søknaden er drøfta med/behandla i og tilrådd av (skriv ja eller nei):****Arbeidstakarorganisasjonar:** Ja: MFO (vedlegg 1)**Samarbeidsutval:** Ja: sak nr. 07/07 (vedlegg 2)**Skuleutvalg:** Ja: Plangruppe sak nr. 10/07 (vedlegg 3), Personalmøte sak nr. 26/07 (vedlegg 4)**Vedlagd dokumentasjon:****Plandokument for skulen:**

Tenestestandard og kvalitetsmål (vedlegg 5)

Utviklingsplan 2006/2007 (vedlegg 6)

Informasjons- og søknadsskjema 2007/2008 (vedlegg 7)

Prosjektbeskriving:

Prosjektbeskriving og rapport for "Skriv dagen" (vedlegg 8)

"Kom! Kreativt oppvekstmiljø i Time kommune" (vedlegg 9)

10.klasseprosjekt 2007 "PeerGynt" (vedlegg 10)

Musisk prosjekt 2007/2008 (vedlegg 11)

Prosjektveke; Kulturskuleveka 2007 (vedlegg 12)

Vurderings- og evalueringsmateriale:

Medarbeidarundersøking 2007 (vedlegg 13)

Brukarundersøking i kulturskulen hausten 2005 (vedlegg 14)

Anna materiale:

Årsmelding 2005/2006 (vedlegg 15)

Registrering speleoppdrag 2005/2006 (vedlegg 16)
Kulturskulens hovudkonsertarrangement okt. 2006, nov. 2006, febr. 2007 (vedlegg 17)
Kulturskulestipend (vedlegg 18)
Halvårleg informasjonsskriv til heimen haust 2006, vår 2007 (vedlegg 19)
Foreldresamtale, eit middel for samarbeid kulturskule - heim (vedlegg 20)
Årsplan/arbeidsplan for elevar (vedlegg 21)
Nytt arbeidsår/informasjon og rutinar 2006/2007 (vedlegg 22)
Rapport frå seksjonsmøte 2006/2007 (vedlegg 23)
Arbeidstidsavtale 2006/2007, kulturskulen og skulekorps (vedlegg 24)
Moment for medarbeidarsamtale 2007 (vedlegg 25)

Tal på vedlegg i alt: 25 stk. vedlegg

Namn på rektor: Astrid Fjeld

.....
Grunngjeving frå skuleeigaren:

Time kommune søker om at Time kulturskule får verta demonstrasjonskulturskule.

Time kulturskule har utvikla seg frå å vera ein musikkskule til ein kulturskule som har auka fagtilbodet og elevtalet mykje dei seinare åra.

Frå ein tradisjonell kulturskule i starten på 90-talet med instrumental- og vokalopplæring for 125 barn og musikkbarnehage for 50 barn, er kulturskulen eit aktivt senter i kommunen med ca 535 elevplassar. Det er 25 tilsette fordelt på 9,97 årsverk. 220 barn i 1.klasse får i tillegg undervisning av lærarar frå kulturskulen. Kommunen har 5 korps, med til saman 180 medlemmar. Dirigentar og instruktørar er tilsette ved kulturskulen og utgjer ein eigen seksjon der.

Kulturskulen starta i 1999 med individuelle planar for alle elevar innan vokal- og instrumentelopplæringa. Nye undervisningsmodellar der kombinasjon av grupper og individuelle opplegg er innførte. Kunstfag, dans og drama er dei nye fagavdelingane ved skulen. Kulturskulen har fleire gonger gjennomført store prosjekt og oppsetjingar der alle desse fagområda har samarbeidd og fått svært gode resultat.

Skulen har tilbod frå 0 år til 10.klasse. I nokre fag er det plassar for elevar etter 10.klasse. Kulturskulen samarbeider svært godt med andre interne områder i kommunen både innan kultur og oppvekst. I tillegg er det eksterne samarbeidspartnarar som symfoniorkester og andre kulturskular.

Skulen har eleven i sentrum og søker etter å gi elevane den optimale opplæringa. Det inneber ofte undervisning i grupper sett saman av elevgrupper frå ulike krinsar i kommunen, ulike fagområde og ulike aldersgrupper. Dette skaper gode både faglege og

sosiale band mellom elevane.

Kulturskulen har som mål å overrisle nærmiljøet, og gjennom alle ulike arrangement er dei svært synlege i kommunen.

Kulturskulen har gjennom å organisera skulen i team og systematisk leggja godt til rette for alle i små stillingar, skapt den gode arbeidsplassen der alle er med på å dra ilag. Det gode samarbeidsklimaet som framkommer etter medarbeidarmålingar viser at dette fungerer godt i praksis.

Skulen har seksjonar for alle faggrupper, plangruppe, personalmøte og samarbeidsutval.

Kulturskulen er med i utviklingsprogrammet KOM (Kreativt Oppvekst Miljø) ilag med Rosseland skule. (2006-2008)

Kommunen, ved rektor og andre frå kulturskulen, deltek på alle møter/arrangement i regi kulturskulerådet, avd. Rogaland. Rektor i Time er også leiar i nettverk Jæren, som er samansett av rektorar frå kulturskulane i Klepp, Hå, Gjesdal, Sandnes og Time.

Kulturskulen er organisert under Oppvekst i kommunen og får dermed brei kontakt direkte med dei andre grunnskulane – om felles elevar.

Kulturskulen deltek på ulike arrangement i kommunal regi.

Kulturskulen i Time viser eit særs godt læringsmiljø for alle, både elevar og tilsette.

På dette grunnlaget vil kommunalsjefen sjå på det som ei inspirasjonskjelde og påskjøning dersom skulen får status som demonstrasjons-kulturskule. Kulturskulen med heile sin stab er viljuge å dela sine erfaringar med andre.

Med helsing

Time kommune

Ørjan Daltveit

Representant for skuleeigaren:

Ørjan Daltveit, kommunalsjef for oppvekst

Adresse, postnr og -stad: Postboks 38, 4349 Bryne

Telefon: 51 77 61 83 / 905 00 885 (mobil)

E-post: orjan.daltveit@time.kommune.no

1. *Pedagogisk og fagleg arbeid som legg vekt på kreativitet og nytenking*

Kriterieområde	Tiltak	Oppnådde resultat
<ul style="list-style-type: none"> Resultat i høve til mellom anna metodebruk, utvikling av gode læringsstrategiar, entreprenørskap, elevmedverknad og gode læringsmiljø som motiverer og stimulerer dagens barn og unge til å lære 	<p>Kulturskulen gir ei undervisning som fokuserer på å gje barn og unge gode oppvekstvilkår som gir dei lyst på livet og evne til å meistra det.</p> <p><u>Elevmedverknad gjennom bruk av Foreldresamtalar/Elevsamtalar:</u> Ein til to gonger i skuleåret pr. elev. Samtalane utførast i hovudsak med elev og føresette til stades samstundes. Skriftleg innkalling med tildelt tid samt stikkordsoversikt for samtalenens innhald. Elevane vert trekt med i spesifikke ytringar kring undervisningsinnhald, prosjekt, samarbeidselevar gjennom uformelle elevsamtalar.</p> <p><u>Su-utval</u> med 2 elevrepresentantar, 3 foreldrerepresentantar, 2 lærarrepresentantar, skulens kontorhjelp og rektor.</p> <p><u>Års/fagplanar</u> for alle elevar på vokal/instrumentaltilbod utarbeidast av lærar kvar haust, reviderast ved nyttår.</p> <p><u>Fagplanar</u> for gruppefag.</p> <p><u>Informasjonsskriv</u> til elev/heim i starten på kvart semester</p>	<p>Skulen har ein lærarstab og elevmasse som liker å opptre, som liker å syne fram og bruke det dei arbeider med. Svært mange ytrar at dei gjerne ville ha fortsett innafør skuleslaget også etter fylte 16 år (øvve aldersgrense er 10. klasse, kun få unnatak).</p> <p>Tett dialog med elev og heim om undervisningsopplegg og val av læreverk fører til god motivasjon og tydelege mål. Skriftleg innkalling fører til at elevar og føresette førebør seg heime før dei møter til samtale. Syner kva eleven gjer og korleis ein arbeidar med eleven, vert enige om mål for vidare undervisning. Dei føresette vert betre kjend med læraren og kan lettare spørje om ting. Dei føresette får rettleiing om korleis dei kan følgje opp eleven heime. Eigeninteresse og ytringar som føresetnad for innsats.</p> <p>Elevar deltek i avgjera av ulike sakar og vert kontinuerleg informert om skulens drift og utvikling. Dialogforum der elevanes utspel vert særleg vektlagde.</p> <p>Reiskap for god progresjon og tilrettelagd undervisning for den einkilde elev gjennom skuleåret. Planen definerer lærebøker, tilleggsstoff, metode/teknikk, progresjon, samspel, samarbeidselevar, opptredenar o.l.</p> <p>Planen byggjer både på elevens, lærarens og dei føresettes interesse: Info. som kjem fram under t.d. elevsamtalar på timane og foreldresamtalar/foreldremøte.</p> <p>Det er utarbeidd eigne fagplanar for gruppefaga. Desse planane definerer faget ved å seie noko om mål, innhald, metode, målgruppe, gruppestorleik og lærartettleik samt lokalitetar og utstyr.</p> <p>Gjer oversikt skulens drift og satsingsfelt samt fastsetting av prosjekt, konsertar, utstillingar, førestellingar. Forutsigbarhet og tydelig informasjon i</p>

	<p><u>Tolærarsystem/kollegarettleing:</u> Fast bruk av tolærarsystem i gruppefaga kunstfag, drama, musikkverkstad, musikk i 1. klasse.</p> <p><u>Fleksibel bruk av tolærarsystem</u> i vokal/instrumentalundervisninga.</p> <p>Tildelt <u>undervisningsressurs</u> på 20 minutt pr. vokal/instrumentalelev ligg fritt til disponering i timeplanlegginga. Den einskilde lærar legg opp timeplanen etter kvar einskild elev sitt behov. Lærarane opererer med ulike modellar for tildeling av undervisningstid til elevane sine. Den mest nytta modellen fungerer som ein rullerande timeplan med kombinasjon av enkeltundervisning og gruppeundervisning. Læraren vekslar mellom individuell og sosiokulturell læring.</p>	<p>forkant av gjennomføring viktig for kulturskulen.</p> <p>Sikrar god oppfølging av den enkelte elev i gruppeundervisninga. Personalet verdsett å kunne spele på lag med kvarandre i team. Arbeidsmetoden har skapt betre arbeidsmiljø der det kollegiale fellesskapet gjer rom for kreativitet og nytenking i metode og faginnhald. Læringseffekten hos lærarar som arbeidar tett i lag er stor, det oppstår ei automatiske kollegarettleing. Dei tilsette er trygge på kvarandre og tek felles ansvar. Vilje til vidareutvikling og nyskaping er ei positiv drivkraft i det daglege så vel som i langtidsplanlegginga. Det er avsett fellestid til planlegging, val av repertoar og metodeutveksling. Faga med tolærarsystem er stadig i utvikling grunna samansmeltinga av undervisningsmetodar frå ulike lærarkrefter.</p> <p>Felles bevisstgjerjing om "våre" elevar og ikkje "mine" elevar i kollegiet. Utvida ønskje om å undervise i samspel på andre instrument enn berre sitt eige. Fleire lærarar tek initiativ i fellesprosjekt. Ting står og fell ikkje på den einskilde, men på fellesskapet av ulike lærarar og elevar. Lettare fleksibilitet i bruk av eigne lærarar i vikarordning på tvers av instrument.</p> <p>Lærarane arbeidar seg vekk frå den tradisjonelle "undervisning på samleband-modellen" som lenge har regjert i musikkskulesamanheng. Elevane opplever eit sosiokulturelt læringsmiljø. Undervisning og metode vekslar mellom læring for den einskilde og utvikling i lag med andre elevar. Rullerande timeplanar krev dyktig planlegging og lærarar som ser den einskilde elev. Lærarane seier sjølv dei i auka grad tek imot impulsar i undervisningssamanheng for best mogleg tilrettelegging for kulturskulens barn og unge.</p>
--	--	--

	<p><u>Fysiske møtearenaer for personalet:</u> Månadlege personalmøte, seksjonsmøte, plangruppemøte, fast kontortid (bruk av bunden tid), fellespause kvar dag til fastsett tid. Gode lokale for møter og kontortid.</p> <p><u>Fagseksjonar</u> Personalet er delt inn i seksjonar: Piano, blås/stryk, rytmisk/dans, småbarn, drama, kunstfag, korps.</p> <p>Som del av undervisningsopplegget i rytmisk seksjon nyttas mellom anna <u>moderne teknologi</u> som metodisk hjelpemiddel.</p> <p><u>Tverrfagleg samarbeid:</u> Prosjekt innan musikk, dans, drama og kunstfag. Samarbeid i mindre målestokk</p> <p><u>Årleg prosjektveke</u> med frivillige workshops og kurs utover elevane sitt faste vekevisse fagtilbod. Konsertar, utstillingar og arrangement kvar dag heile veka. Hovudførestelling med utdeling av Aabakkes kulturskulestipend siste dag.</p>	<p>Eit ope og inkluderande arbeidsmiljø Kvardagen bærer preg av godt teamarbeid med tid og rom for prøving og feiling. Positiv effekt av kontortid og sosial pausetid. Eigne arbeidsrom med eigne pc'ar og telefon. Eigne musikkteknologiske arbeidsplassar. Fleire pauserom med kjøkken samt garderobe med dusj.</p> <p>Avsett tid til jamlege møter gjennom skuleåret. Diskusjon, utstyr, materiell/notar/arrangering/tilrettelegging, metodar, prosjekt, samkøyring av elevar i grupper, planlegging av fellestiltak m.m. Ansvar for fellessamlingar med heile personalet: Tema for felles drøfting/gruppearbeid, førelæring eller praktisk/metodisk eksempel i fellesskap - "ut på golvet" i lag.</p> <p>Lærarar tilknytte rytmisk seksjon har særskild kunnskap innan moderne teknologi som både elevar og øvrig personale dreg nytte av. Dette gjeld og metodar for rytmikk, gehørbasert undervisning, pop/rock, jazz og improvisasjon. Elevane møter lærarar som har kompetanse innan teknologisk fagfelt. Elevar i ungdomsskulealder vert motiverte og stimulerte til vidare utvikling og læring.</p> <p>Store og små førestellingar der elevane er med i planleggingsarbeid, innøving og framsyning. Eksperimentelle og meir tradisjonelle framsyningar. Dei ulike estetiske fagkrinsane i skulen går saman for å lage ei breiare kunstnarisk framstilling av ein attvald handling/eit tema/ein raud tråd. Kulturskulen sine lærarar og elevar som eit samla team.</p> <p>Elevane får utvida oppleving og kjennskap til eigne og ukjende fagkrinsar i kulturskulen. Høve til å fordjupe seg innan musikklytting, hørelære, teori, komposisjon, improvisasjon, akkordlære, akkompagnement, rytmikk, stomp, ulike samspelsamansettingar, dans, kunstfag.</p>
--	--	---

	<p>Prosjektveka har gradvis og naturleg utvikla seg til dagens form. Eleven skal settast i fokus.</p> <p>Eiga opplegg for <u>10. klasse-elevane</u> (går ut på alder 16 år) Samling av alle kulturskuleelevar frå 10. trinn til tverrfagleg prosjekt. Har utvikla seg til ein tradisjon. <u>10. klassekonsert.</u></p>	<p>Skaper nysgjerrighet og utvida kjennskap til dei estetiske faga sitt mangfald. Elevane får prøve seg, utforske og skaffe seg nye erfaringar, opplevingar og kunnskap. Hovudsakleg gruppesamlingar. Vektlegging av kulturskulen som fagleg og sosialt samlingsstad for estetisk læring og oppleving.</p> <p>Planlegging og arbeid fram mot kulturskuleveka i mars. Høgt kunstnarisk nivå. Elevane får fagleg progresjon og sosialt fellesskap over lengre tid fram mot eit felles mål. Semesteret avsluttast i juni med konsert/framsyning på meir individuelt grunnlag og fest med foreldre og lærarar.</p>
<ul style="list-style-type: none"> • Anna arbeid/andre tiltak 	<p>Minikonsertar</p> <p>Konsertar med alternative løysningar, ønske om tilleggsopplevingar for publikum.</p>	<p>Alle lærarane arrangerer avslutningskonsertar for kvart semester (jul og sommar). Foreldre invitert. Trygge konsertarenaer i mindre skala som gjer høve for å opptre på alle nivå. Nokre lærarar går i lag om arrangementa for å skape variasjon i klangbilde/instrumentering. Musikkgruppene med foreldre og barn arrangerer tradisjonell juletreffest med vener og familie.</p> <p>Dømer: Vrimelekonsert gjennom spanande gonger og rom i Bryne Gamle Mølle, Vrimelekonsert ved innviing av nye lokaler på bryne skule, Peer Gynt i moderne variant, Arne Garborg-jubileet og Mozart-året i fri tolking m.m.</p>

2. Utvikling av kulturskulen til eit lokalt ressurscenter

Kriterieområde	Tiltak	Oppnådde resultat
<ul style="list-style-type: none"> • Samarbeidsmodellar med grunnskulane, frivillige organisasjonar og kulturlivet elles 	<p><u>Samarbeid med grunnskulen:</u> Deltok i Norsk Kulturskuleråd sitt 3-årige utviklingsprosjekt KOM! (- kreativt oppvekstmiljø) saman med Rosseland skule. Oppstart vår 2006, avslutting haust 2008.</p> <p>2 <u>presentasjonar av KOM! -prosjektet</u> i Time på kommunen si <u>leiarsamling</u> for oppvekst. Innleiingsvis</p>	<p>Dette spesielle prosjektet har ført til at dei to skuleslaga har knytta band og starta samarbeidet om auka bruk av estetiske fag i skulekvardagen og satsing på felles tverrfaglege oppsettingar. Lærarar og administrasjon frå Rosseland skule og kulturskulen har etablert eit prosjektteam som møtast jamleg på tilrettelagde kurssamlingar og fagdagar. Avsett tid til hyppige lokale samarbeidsmøte. Drøfting og arbeid med modellar for auka samarbeid mellom skuleslaga. Planlegging og utføring av større fellesprosjekt.</p> <p>Heile skuleleiinga i kommunen kjenner til KOM!-prosjektets intensjon og innhald samt korleis Rosseland</p>

	<p>vinteren 2006 med opplysningar om intensjonen i KOM! - samt korleis grunnskulane kunne senda skriftleg søknad til kulturskulen om å få delta. Våren 2007 ein omfattande gjennomgang av korleis prosjektgruppa arbeidar, kva som er oppnådd og kva som er planlagt vidare fram mot hausten 2008.</p> <p>På oppfordring frå <u>Norsk kulturskuleråd</u> si prosjektleiing for KOM!, presenterte kommunegruppa i Time "det gode eksempel" på fellessamling med alle KOM!-kommunar i Rogaland/Hordaland.</p> <p>På oppfordring frå <u>Rogaland fylkeskommune/Den kulturelle skulesekken i Rogaland</u> presenterte kommunegruppa i Time sitt arbeid med KOM! - prosjektet på fylkeskonferansen "Samspel 2007".</p> <p><u>Skuleførestellingar for grunnskulen</u> fleire gonger kvart år. Tverrfaglege konsertarrangement, dramaførestellingar. Målgruppa varierar og rullerar mellom småtrinn, mellomtrinn og ungdomstrinn samt barnehagar.</p> <p><u>Musikk i 1. klasse med lærarar frå kulturskulen:</u> Innført ved skulestart for 6-åringane. To lærarar frå kulturskulen reiser rundt til skulane ein gong i veka med spesielt tilrettelagd opplegg innan musikkfaget. Skulane stiller med egne lærarar i tillegg. Etablert som fast samarbeidsmodell. Inngår i Time kommune sin plan for Den kulturelle skulesekken.</p> <p><u>Samarbeid med ppt-tenesta</u></p> <p><u>Samarbeid med barnehagane</u> for auka bevisst bruk av estetiske fag i</p>	<p>skule og Time kulturskule arbeidar. Andre skular i kommunen fatter nå interesse for korleis også dei kan dra nytte av eit utvida samarbeid med kulturskulen. Skapt medvit og nyskjerrighet for styrking av dei estetiske faga i grunnskulesamanheng gjennom eit utvida samarbeid med kulturskulen.</p> <p>Høve til å dele erfaringar frå arbeidet kring dette prosjektet med andre KOM! -kommunar og kursdeltakarar. Stadfesting av at prosjektgruppa i Time har "sett kurs" for eit solid arbeid.</p> <p>Høve til å syne fram og spreie kjennskap om Time sin KOM! -modell for auka samarbeid mellom kulturskule og grunnskule. Informasjon ut til skuleleiarar, DKS-kulturkontaktar, lærarar frå kulturskule og grunnskule andre kulturarbeidarar.</p> <p>Synleggjering av kulturskulen sitt arbeid for barn og unge i kommunen. Kulturskuleelevane får syne fram og vise det dei har arbeida med i undervisninga. Den estetiske dimensjonen vert levande både for utøvarar og tilskodarar. Elevar får synt fram ferdigheitar som ikkje så lett kjem fram i skulekvardagen elles. Grunnskulelærarane får skriv/info med for/etterarbeid i samband med førestellingane.</p> <p>Stimulerer til auka bruk av song, dans og musikkleik i 1. klasse. Gjer barna eit godt vekevis fagleg tilbod. Dei klart definerte musikktimeane fungerer og som stimuleringstiltak for skulelærarane. Skulane arbeidar i løpet av veka vidare på eigen hand med program frå musikkksamlingane.</p> <p>Kulturskulen er ved fleire høve med på å leggja ekstra til rette for elevar. Dette skjer i tett samarbeid med heimen.</p> <p>Lærarar i kulturskulen utarbeider og arrangerer prosjekt for og med barn frå alle barnehagane ein gong i året. Barnehagepersonalet har tilbod om veiledning og</p>
--	--	---

	<p>barnehagekvardagen.</p> <p><u>Samarbeid med skulekorps</u></p> <p><u>Samarbeid med språkstasjonen</u> norskopplæring for vaksne innvandrarar</p> <p><u>Samarbeid med helsestasjonane</u></p> <p><u>Samarbeid med kommunalt tenesteområde Samfunn</u></p>	<p>observasjon av metode og repertoarbruk i tilrettelagde musikkgrupper for barn og vaksne. Startar hausten 2007 prosjektet "estetiske spor i barnehagen" i samarbeid med kommunen sine barnehagekonsulentar. Forarbeid vår 2007. Musikk, dans, drama og kunstfag i barnehagane med personale frå kulturskulen.</p> <p>Kommunen gjer 2 årsverk til 5 dirigentstillingar og instruktørar. Desse tilhøyrrer kulturskulen si personalgruppe og har eigen fagseksjon. Årlege konsertar i lag med kulturskulen. Prosjektsamarbeid med rytmisk seksjon og KOM!. Improvisasjonskurs for korpsingar med lærar frå kulturskulen. Kommunikasjon med lærarar som har opplæring av aspirantar. Årlege samarbeidsmøte med kulturskule, styre, instruktørar og dirigentar. Kulturskulen/kommunen administrere teknisk utlønning for ekstrainstruktørar utover fastestillingsheimlar i kulturskulen.</p> <p>Årlege samarbeidskonsertar med elevar frå kulturskulen språkstasjonen. Informasjon om kulturskulen sitt tilbod. Rekruttering av foreldre med små barn til Foreldre-barn-grupper i musikk, rekruttering av elevar med framandspråkleg bakgrunn.</p> <p>Informasjon til personalet ved helsestasjonen om tilbodet "musikk fra livets begynnelse". Opparbeida forståing av musikk som middel for auka samspel mellom liten og stor. Generelt tilbod til alle småbarnsfamiliar og til dei med særskilde behov.</p> <p>Samarbeid om oppretting av tilbodet "Bankers" for integrerte vaksne (musikk, song, dans) i 1993. Kontinuerleg samkøyring av drift/økonomi til innkjøp av utstyr, rekruttering av medlemmar og "følgjepersonale". Samarbeid om ulike arrangement/festivalar/ kommunale arrangement der kulturskulen deltek eller opptrer. Samarbeid om bruk av lokale (Kulturhuset Storstova og</p>
--	---	---

	<p><u>Samarbeid med kirka</u></p> <p><u>Samordning av kulturtiltak</u> Rektor deltek i samarbeidsgruppe med andre i kommunen som har arbeidsoppgåver innan kultur.</p> <p><u>Samarbeid med Jæren symfoniorkester</u></p> <p><u>Jæren folkehøgskule</u></p> <p><u>Interkommunalt samarbeid</u></p>	<p>Bryne Gamle Mølle, Sekkelageret). Eigen avtale om bruk av lokala til eigenøving for lærarane. Gode akustisk forhold og disponible flyglar.</p> <p>Samarbeid om konsertar og "syng med oss arrangement" institusjonar for eldre og psykiatri.</p> <p>Tildelte psykiatrimidlar gjer nytt kulturskuletilbod hausten 2007: 2 musiske grupper for barn med spesielle behov.</p> <p>Fleire tilsette i kulturskulen har musikalsk arbeid kommunen sine kyrkjer. Samarbeid med organist og soknediakon om innslag på ordinære gudstenester, skulegudstenester, særskilde arrangement og sosiale tilstellingar i kyrkjeleg regi.</p> <p>I spesielle prosjekt for konfirmantar vert kulturskuleelevar trekt fram og nytta som ressurs.</p> <p>Brubygging mellom tenesteområda i kommunen.</p> <p>Nokre arrangement med felles kommunalt ansvar eller fylkeskommunalt delansvar. Te dømes "Livsglededøgnet", kommunens kulturprisutdelingar, kulturfestival "Spor", Eurpoeisk kulturby "Stavanger 2008".</p> <p>Kvart semester deltek elevar på øvingar og konsertar. Tilrettelagd repertoarnivå på deler av konsertrepertoaret.</p> <p>Samarbeid med butreningsgruppa ved skulen, felles årleg konsert med kulturskulen si gruppe for integrerte vaksne.</p> <p>Kjøp og sal av tenester etter behov.</p> <p>Faga Musikk fra livets begynnelse og ballett er opent for deltakarar frå Klepp og Time.</p> <p>Sal av lærarressurs til musikktilbod for integrerte elevar.</p> <p>Fleire lokale organisasjonar nyttar elevar frå kulturskulen på sine arrangement.</p>
--	---	--

	<u>Samarbeid med Time vidaregåande skule</u>	
	<u>Andre frivillige organisasjonar</u>	
<ul style="list-style-type: none"> Kulturskuleundervisning i ein utvida skuledag 	<p><u>Kulturskulen</u> har lenge arbeida for å spreie oppfattinga av at våre lærarar arbeider med elevane i ein slags utvida skuledag. Time kulturskule definerer seg som ein skule, ikkje berre som eit kulturfridids-tiltak.</p> <p><u>Musikkverkstad</u> er eit fagtilbod for grunnskuleelevar i 2. og 3. klasstrinn ved alle skular. Tilbodet vert halde i SFO-tida, desentralisert på ulike skular. Samling kvar veke, gruppestorleik på mellom 8 og 15 elevar, tolærarsystem.</p> <p><u>Instrumental og gruppeundervisning i SFO-tida</u></p>	<p>Oppnådd forståing frå grunnskulen om at vi arbeider med dei sama barna som dei gjer i ei form for utvida skuledag.</p> <p>Det er god forståing for å ta elevar ut av skulekvardagen for å delta i prosjektarbeidar i kulturskulens regi. Kulturskulens opplegg fungerer dermed som eit alternativt undervisningsopplegg.</p> <p>Tilbodet vert gitt innanfor opphaldstida i SFO på tre ulike skular i kommunen. Tolærarsystemet sikrar god oppfølging av den enkelte elev i gruppa og gjev spelerom og større fridom i opplegg og innhald. Deler av undervisninga integrerer eldre kulturskuleelevar frå ulike fagtilbod. Elevane og deira lærarar samarbeider med musikkverkstad-lærarane om eit høveleg opplegg.</p> <p>Tildelt undervisningstid for kulturskulefag i SFO-tida skapar meir heilskap i kvardagen for 1.-4.klassingane og deira familie. Gjer det mogleg for kulturskulelærarane å starte arbeidsdagen sin tidlegare.</p>
<ul style="list-style-type: none"> Modellar for sambruk av lærarressursar og lokale. Samvirke med Den kulturelle skulesekken 	<p><u>Sambruk av lærarressursar og lokale:</u></p> <p>Vi har sambruk med Bryne skule om undervisningsrom, utstyr, felles fast tilsette lærarressursar. Gjensidig utnytting av kvarandre sitt personale ved ulike høve.</p> <p>Kulturskulen sine behov vart sterkt ivaretatt i restaureringa/utbygginga av Bryne skule (trinn 1 ferdig 2001, trinn 2 ferdig 2006).</p> <p>Kulturskulen har ei bevisst haldning om ikkje å ha for mykje desentralisert undervisning. Noko av vokal-instrumentalundervisning skjer ute i krinsane Lye, Frøyland og Undheim, men hovudvekta av aktivitetane er lagt til Bryne skule.</p>	<p>Begge våre 2 dramalærarar har 100 % stilling fordelt på kulturskulen og Bryne skule.</p> <p>Danselærer har 100 % fordelt på kulturskulen og Bryne skule.</p> <p>Lyd/lys ved lærar frå Bryne skule nyttas til øvingar og oppsettingar i kulturskulen.</p> <p>Svært fleksibel ordning med administrasjonen ved Bryne skule om bruk av desse lærarane ved t.d. ekstraarbeid på dag- og kveldstid ved kulturskulens prosjekter.</p> <p>Einskilde skular har kjøpt inn kompetanse for avgrensa/kortare prosjektjobbing.</p> <p>Ein korpsdirigent har sin undervisning for aspirantar og juniorar lagt til musikktime på Frøyland skule.</p> <p>Kulturskulen sin administrasjon og hovudvekt av</p>

	<p>Etter særskild søknad vart Time kommune med i ordninga for <u>Den kulturelle skulesekken våren 2004</u>.</p>	<p>undervisning held til på Bryne skule. Sambruk med Bryne skule har resultert i moderne og funksjonelle lokaler for kulturskulens verksemd. Ved siste byggetrinn vart fokuset sett på utviding og forbetring av arbeidsplassar med gode it-verktyg for lærarstab, samt funksjonelle rom for dei nye kulturskulefaga dans, drama og kunstfag. Kulturskulen var pådrivar for igangsetting av arbeidet med Dks i Time. Inspektør ved kulturskulen deltek fast i den kommunalt samansette styringsgruppa for Dks. Lærar ved kulturskulen er nytta som viktige ressurspersonar i Time kommune sitt DKS-tilbod: Prosjekta er: "Stolen" med kulturskulens kunstfaglærar "H.C.Andersen" med kulturskulens 2 dramalærarar "Songskattar" med 4 musikarar frå kulturskulen, ein av desse er ansvarleg for prosjektet saman med ein lærar frå Rosseland skule. "Snurr film" eit samarbeid med Time vgs. medielina koordinert av kulturskulen. Kulturskulen er i tillegg med på å utarbeide prosjektskiltringar og følgjer opp andre prosjekt.</p>
<ul style="list-style-type: none"> • Anna arbeid/andre tiltak 	<p><u>Kulturskuleplan</u> Besøk av ordføraren desember 05 Sak 106/05 "..... ordføraren meiner at Timepolitikarane bør ha ei gjennomdrøfting av skulen: innhald, nivå, framtid, ressursbruk og utviding av målgruppe, satsingsområder. Alt dette bør ende opp i ein ny kulturskuleplan. Ordføraren vil sette kulturskulen på dagsordenen i kommunens drifts-komité. Ordføraren sitt hovudmål med dette er ikkje nedskjering, men ei evt opptrapping"</p> <p><u>Kontaktperson ved etat for oppvekst</u></p>	<p>Driftskomiteen i Time kommune vedtok i mai 2006 at det skal utarbeidast ein eigen kulturskuleplan. Arbeidet er i gang og er venta slutført hausten 2007. Kulturskulen sin administrasjon deltek i skrivearbeidet. Su-utval og plangruppe deltek med rådføring.</p> <p>Det er frå nyttår 2007 oppretta ein eigen kontaktperson frå stab for oppvekst med ansvar for kulturskulen. Dialogen med kommunalleiar for oppvekst er likevel tett og svært god.</p>

3. Arbeid med å reflektere samtidas kulturelle mangfald

Kriterieområde	Tiltak	Oppnådde resultat
<ul style="list-style-type: none"> Korleis undervisninga reflekterer samtidas kulturelle mangfald, både når det gjeld det fleirkulturelle aspektet og moderne uttrykksformer 	<p>Kulturelt mangfald: Samarbeid om førestelling med Språkstasjonen. Integrering av fremmedkulturelle elevar. Reklame for elevtilboda ved skulen til føresette i norskopplæring. Kulturskuleelevar er utøvarar på kyrkelege kulturtilstellingar for innvandrarak.</p> <p>Moderne uttrykksformer: Ønskje om alternative og annleis konsertopplevingar både for eleven som utøvarar og for publikum.</p> <p>Skrivekurs med kunstfagleg samarbeid, audiovisuell framsyning.</p> <p>Kurs of opplevingsseminar for elevar: T.d. STOMP, afrikanske rytmer med tromming og dans, Sirkus Sirkør</p>	<p>Song og spelning i lag med kommunens innbyggjarar frå ulike land og kulturar. Auka antal framandspråklege elevar på vanlege kulturskuletilbod. Fleire framandspråklege mødre med sine små barn på foreldre-barn-grupper i musikk.</p> <p>Nytter audiovisuelle hjelpemiddel som lyssetting og scenografi ved oppsettingar og konsertar. Har arrangert vrimlekonsertar i ulike lokaler, utradisjonell tilnærming til opphavlig materiell (trad. tekst/melodi/billeduttrykk) i produksjonar. Kunstfag og dans er særleg langt framme på bruk av nye teknikkar og metodar.</p> <p>Prosjekt med ulike skriveteknikkar for elevar med særskild interesse for tekst, t.d. dikttradisjonar frå ulike kulturar). Samarbeid med kunstfaglærarak og -elevar. Slutførtd med trykking av bok (tekst + bilde) og ei audiovisuell framsyning (tekst, bilete og musikk).</p> <p>Nysgjerrighet overfor og opplevingar innan alternative kulturelle uttrykksformer.</p>
<ul style="list-style-type: none"> Anna arbeid/andre tiltak 	<p>Kurs for lærarak: "Storch" - kurs; afrikanske rytmer og tilstedeværing, KOM! - kurssamlingar og fagdagar for lærarak innan ulike former for moderne sceneformidling (musikk, dans, komposisjon, lyd/lys, dramaturgi, kunst)</p>	<p>Sprengje grenser og oppleve nye ting på kroppen gjennom eigenaktivitet. Kunne trekkje ut ting, omarbeide dei til sine egne arbeidsmetodar i det daglige arbeidet ved kulturskulen. Nytte kursa som inspirasjonskjelde for noko nytt i kvardagen.</p>

4. God og tydeleg skuleleiing

Kriterieområde	Tiltak	Oppnådde resultat
<ul style="list-style-type: none"> Leiing og personalutvikling 	<p>Leiing av skulen er har kontor i same område som lærarak sine arbeidsplassar.</p>	<p>Kort veg til kontakt og godt høve til kommunikasjon.</p>

	<p>Gode <u>rutinar</u> m.h.t. planarbeid/møter.</p> <p><u>Skriftlege arbeidstidsavtalar</u></p> <p><u>Årlege utviklingssamtalar/medarbeidarsamtaler</u></p> <p><u>Kontinuerleg evaluering</u> av prosess og produkt i vedtekne prosjekt og nye arbeidsmetodar. Mål og rutinar tilpassast fortløpande dei erfaringar personalet gjer.</p> <p><u>Rektor/inspektør er med i leiargruppa</u> til kommunalsjef for oppvekst.</p> <p>Rektor/inspektør deltek i <u>leiaropplæring</u> i regi av kommunen.</p>	<p>Sakslistar og referat til alle i personalet gir god innsikt og felles forståing.</p> <p>Tilpassa arbeidstidsavtalar for kvar lærar, definering av "kontortid" - bindingstid på arbeidsplassen.</p> <p>Medråderett og høve til å endre på ting. Høve til god førebuing ved hjelp av eige momentskriv.</p> <p>Nytter evalueringsmetodar frå leiaropplæring. Skapar grunnlag for vidareutvikling gjennom erfaringar.</p> <p>Godt kjennskap til og god kommunikasjon med dei andre tenestoområda. Høve til å syne kulturskulens drift og funksjon.</p> <p>Leiarar i kontinuerleg utvikling. (Nyleg avslutta 1 1/2 års kursrekkefølge, haust 2005 - vår 2007)</p>
<ul style="list-style-type: none"> • Ressursutnytting 	<p>20 minutters mal pr. elev for vokal- og instrumentalundervisning. Lærarane står fritt til å fordele tidsramma på eigne elevar.</p> <p>Gruppefag har tildelt frå 45 til 120 minutt. Tidsressursen er fastsett ut frå faginnhald og elevane sin alder. Tolærarsystem i fleire av gruppefaga.</p> <p>Utpøving av ulike modellar for ny arbeidstidsavtale</p>	<p>Fleire elevar får lengre undervisningstid ved fleksibel tildeling av ressurs. Nye undervisningsmodellar er teke i bruk. (sjå meir under søknadens pkt. 1)</p> <p>Lærarane har fått definert bunden arbeidstid, som fører til enklare arena for samarbeid.</p>
<ul style="list-style-type: none"> • Arena for avgjerde 	<p><u>Samarbeidsutval</u> oppretta hausten 2004. Min. 4 møter pr. skuleår.</p> <p><u>Plangruppe</u> oppretta hausten 2004. Min. 8 møter pr. skuleår. 4-5 lærarar frå ulike seksjonar, inspektør og rektor.</p>	<p>Rådgivande organ og diskusjonsforum. Viktig bindeledd for informasjon og god kommunikasjon mellom dei representerte gruppene.</p> <p>Bindeledd mellom administrasjon og dei tilsette. Tek avgjerder på vegne av seksjonane. Forenkla demokratiske prosessar, alt treng ikkje vente</p>

	<p><u>Personalmøte</u> 3 timar, månadleg. 10 møter pr. skuleår. Prioritert deltaking uavhengig av stillingsstorleik. Planleggingsdagar 3-5 heile dagar kvart skuleår. Obligatorisk frammøte for alle lærarar ved oppstart av kvart semester. Resterande plandagar har oppmøte etter stillingsstorleik. Varierende møteinnhald: Naudsynt informasjon, faglege diskusjonar, utveksling av idèar, prosjektplanlegging, foredrag og debattinnlegg frå seksjonsgrupper eller frå einskilde lærarar. Det vert jamleg avsett tid til praktisk utveksling av metodiske idèar og allsong. Det vert ført utfyllande referat frå alle møter.</p> <p><u>Seksjonsmøter</u> min. 4 møter pr. år pr. seksjon. Fagseksjonar: Piano, stryk, blås, rytmisk, småbarn, drama, kunstfag, dans, korpsdirigentar.</p> <p><u>Interkommunalt nettverk</u> for fagdisiplinar. Dans, drama, kunstfag og Mflb. Det arbeidast med auka oppretting av interkommunale nettverksgrupper for fleire fag.</p> <p>Diverse <u>samansette prosjektgrupper</u> og <u>samarbeidsteam</u>. Varierer ut frå skuleårets ulike vedtekne prosjekt og prioriterte arbeidsområde.</p> <p><u>Foreldresamtalar og foreldremøte</u></p>	<p>til det skal opp i personalmøte. Sikrar godt eigarforhold til alt som skjer ved skulen.</p> <p>Kollegialt fellesskap som skaper tilhørighet, trivsel, team-kjensle og samråderett. Dialogbasert møteform med stort rom for personleg ytring, kreative innspel og idèar. Innkalling med sakliste veka før møtet gjer høve til førebuing. Skriftleg dokumentasjon i form av referate som gjer det lett å følgje opp vedtekne sakar. Referata verkar samstundes som ei dokumentasjon på organisasjonen si verksemd. Det er plikt for alle uavhengig av om dei har vore til stades eller ikkje på møta, å orientera seg i ting det som skjer i skulekvardagen.</p> <p>Auka personalsamarbeid. Rom for faglege og metodiske drøftingar, prosjektplanlegging og anna, t.d. casestudier.</p> <p>Faglege nettverk for lærarar som er aleine i skulen med sitt fagområde. Time kulturskule har synt si interesse overfor Rogaland kulturskuleråd om fagutveksling på tvers av kommunegrensar.</p> <p>Her vert ulike faggrupper sett i lag og ein oppnår at fagfelte vert ivaretatt, samstundes som kunnskap om andre sin fagkrins vert formidla. Felles forståing gir godt utgangspunkt til å dra prosjekt i lag.</p> <p>Auka samarbeid mellom kulturskule – heim. Inviterer til nær og jamleg kontakt mellom lærar, elev og føresette. Legg til rette for dialog om undervisningsinnhald, og metodebruk. Medverknad for den einskilde elev for Gruppefaga held ikkje samtalar med kvar enkelt elev, men nyttar foreldremøte som utgangspunkt for</p>
--	--	---

		informasjon og dialog kring undervisningsopplegg. Resultat av individuelle samtalar og foreldremøte skapar grunnlag for tilrettelagd undervisning basert på elevens og foreldrenes medråderett
<ul style="list-style-type: none"> • Anna arbeid/ andre tiltak 	<p><u>Kursdeltaking for dei tilsette</u></p> <p><u>Kompetansekartlegging</u></p>	<p>Interne kommunale kurs og eksterne fagkurs. Lærarane kjem med innspel til regionale kursarrangement. Lærarane får tilbod om kurs ved kulturtorget kvar haust. Eksterne kurs vert til ein kvar tid vurdert ut frå økonomi. Dei som har vore på kurs formidlar tilbake til kollegiet gjennom personalmøta/seksjonsmøte, fellessamlingar.</p> <p>Hausten 2005 gjennomførte vi ei kartlegging på kven som hadde områder dei ønskja auka kompetanse i og kven som hadde områder dei kunne halda kurs for andre.</p>

Demonstrasjonskulturskular er dei som kan vise til gode organisatoriske og metodiske løysingar som er grunnleggjende ut frå pedagogiske mål og strategiar, og som viser fleksibel og målretta bruk av dei samla ressursane skulen har. Eit godt samarbeid mellom skular og kulturskular vil bli vektlagt.

Denne delen av skjemaet skal gjere greie for det eller dei områda kulturskulen vil framheve

Metodebruk

Time kulturskule er i dag godt etablert som ein del av Time kommune sitt kulturtilbod for barn og unge. Med sin stab på 25 tilsette og 9,97 årsverk gjev skulen undervisning i estetiske fag til 550 elevar (0-16 år). I tillegg får 180 skulekorpsmedlemmer og 240 1. klassingar musikkundervisning i regi av kulturskulen. Både administrasjon og lærarar er nøgd med utviklinga frå musikkule til kulturskule. Det er med stoltheit vi syner fram prosjekresultat og førestellingar med våre elevar, men vi er og stolte over å gjennomføre utviklingsarbeid og nye prosjekt.

Frå tradisjonell musikkule til fleksibel opplæring

Kulturskulen sine tradisjonelle samspelveker har hos oss danna grunnlaget for ein ny undervisningsmodell der den vanlege timeplanen vert løyst opp og erstatta av ulike former for gruppeundervisning. Det spesielle ved denne ordninga er at fleire lærarar lettare kan samarbeide om opplegg og undervisning. Gruppene vert sett saman både innad og på tvers av alder, instrument, skulekrins og nivå. Lærarane har fått stor fridom til å nytte denne metoden og er sjølv ansvarlege for å leggje timeplanane. Dette gjev stor fleksibilitet i opplæringa. Metoden har aldri vore pålagd, men har fått utvikle seg gjennom prøving og feiling over tid. Vår erfaring er at elevane på denne måten får eit tilbod som i større grad gjer rom for livsglede og allsidig læring. Læring skjer ikkje bare einvegs frå lærar til elev, men får ein sirkelfunksjon lærar-elev -elev-elev -lærar-elev Ein del lærarar nyttar denne modellen spesielle veker i året, andre har eit rullerande system som går heile skuleåret.

I kulturskulen vår er det ingen som gjennom eit heilt skuleår bare har individuell undervisning.

Denne undervisningsmodellen gjeld spesielt for vokal- instrumentalelevane.

Ved å samle undervisninga på ein undervisningsstad, der fleire lærarar undervisning på same tidspunkt, er det enkelt å få til løysningar der denne modellen fungerer godt.

Drama, dans og kunstfag har faste samansette grupper og nyttar ikkje denne modellen.

Eit personale som vil noko – og som drar utviklinga i lag

Time kulturskule har ei heterogen personalgruppe samansett av ulike faggrupper, alder, formell utdanning og realkompetanse. Karakteristiske trekk er ei sjenerøs åpenhet, rom for mangfald, eit personale som vil noko i kvardagen, har evne til å kome med idèar, evne til å utveksle idèar, evne til å skape noko i lag, eit fellesskap basert på mangfald av fagleg og personleg kompetanse som utfyller kvarandre.

Det er eit opent og kreativt personale med ein arbeidsform som bærer preg av humor, fleksibilitet og arbeidsglede. Gode arbeidslokale og fysisk

tilrettelagd tid for å møtast har utvikla ein fritalande arbeidsform med sterk lojalitet overfor kvarandre. Innspel og idèar vert tatt vare på i samarbeidet mot felles arrangement og prosjekt.

Lærarane har over lang tid arbeidd med mange og ulike metodar. Dette har ført til at skulen i dag arbeider med alternative opplæringsmodellar der samspel og sosiokulturell læring er sett i fokus. Hovudmålet for all undervisning er ei tilpassa opplæring med enkelteleven i fokus, samstundes som fellesskap, samspel og samaktivitetar vert ivaretatt.

Staben er stabil, men det har heile tida kome inn nokre nye lærarar som viktige ledd i å påverke framdrifta. Skulen har eit personale som sett utvikling og nytenking i fokus.

Dei tilsette har interesse for å utvide sin personlege kompetanse gjennom å lære av kvarandre. Synleggjer kvalitetar og eigenskapar hos den enkelte lærar. Personalet deler gladeleg med kvarandre. Det skjer metodeutveksling i form av diskusjonar, praktisk fellesskap der ein i lag finn fram til ordningar for teamarbeid/ fleirlærarsystem i deler av undervisningssesongen.

Ein undervisningsmetode der teorien om menneskets mange og samansette intelligensar (jmf. Howard Gardner) skapar grunnlag for å møte den enkelte elev med tru på at han kan, har mange sterke sider og vil få til noko.

Kulturskulen arbeider etter ein metode som skal gi opplæring og oppleving i estetiske fag. Lærarane gir eit variert og fagleg godt læringsmiljø for elevar i ulik alder. Undervisninga fokuserer på å gje barn og unge gode oppvekstvilkår som gir dei lyst på livet og evne til å meistra det.